

ÅRSMELDING

FORSAMLINGSSTYRET 2013



Innleiing og helsing

Saman med alle frivillige og tilsette på Lye forsamlingshus arbeider forsamlingsstyret mot den visjonen vi har sett:

«Vi ønskjer at alle på Lye må bli betre kjende med Jesus Kristus.»

Dette er inspirert av Guds store plan for alle menneske:

«...Ved han [Jesus] ville Gud forsona alt med seg, det som er i himmelen, og det som er på jorda, då han skapte fred ved hans blod på krossen.» (Kol 1,20).

Forsamlingsstyret er styre for alt fellesarbeid på Lye Forsamlingshus. Fellesarbeidet omfattar barnarbeid, ungdomsarbeid og vaksenarbeid, og er noko alle eigarane har del i. Mange legg ned ein stor innsats i dette arbeidet, og styret vil rette ei stor takk til alle som har deltatt i dei ulike arbeidsgreinene og tenestegruppene dette året!

Samansetninga av styret:

Forsamlingsstyret fram til årsmøtet 2013:

Arne Heggheim	leiar
Eivind Stene	nestleiar
Olaug Bjelland	styremedlem
Astrid Tjemsland	sekretær

Forsamlingsstyret frå årsmøtet 2013:

Arne Heggheim	leiar
Eivind Stene	nestleiar
Olaug Bjelland	styremedlem
Astrid Tjemsland	sekretær
Knut Jarle Hjørnevik	styremedlem

I tillegg møter forsamlingsprest Gunnar Frøyland og administrativ medarbeidar Sigurd Idland i forsamlingsstyret. Ungdomsprest Ole Tørring (frå hausten 2013: ungdomsarbeidar Mariann Espeland) har òg møterett, og møter når det er saker som gjeld ungdomsarbeidet.

Forsamlingsstyret si oppgåve er å tene og leie forsamlinga. Overordna mål for arbeidet er å legge til rette for at visjonen skal bli nådd.

Forsamlingsstyret har i 2013 hatt 11 ordinære styremøte og behandla 73 saker. I tillegg har det vore to fellesmøter mellom forsamlingsstyret, husstyret og Time sokneråd.

Tilsette

Forsamlingsstyret lønner stillingar gjennom givarteneste. I 2013 har dette vore:

- 1.1.13-31.7.13:
 - Ungdomsprest Ole Tørring 100 %
 - Administrativ medarbeidar Sigurd Idland 50 %
- 1.8.13-31.12.13:
 - Ungdomsarbeidar Mariann Espeland 50 %
 - Administrativ medarbeidar Sigurd Idland 60 %

Gudstenester og søndagsskule

Gudstenester annankvar søndag er hovudsamlinga for fellesarbeidet på Forsamlingshuset, for forkynning og fellesskap. Vår sokneprest Gunnar Frøyland har vore prest på dei fleste gudstenestene. Gudstenesta er ein viktig møteplass og målet er at gudstenestene skal fungere som ein inngangsport til fellesskapet på Forsamlingshuset.

Gudstenestene er varierte med bruk av mange sansar, via bilete og film på projektor, variert musikk, kreativ gruppe, drama og mykje meir. Det er umulig å nemne alle som står på, men vi vil få rette ein hjartelig takk til kvar enkelt som har vore med gjennom dei enkelte tenestegruppene!

Søndagsskulen gir barna eit fellesskap med både trusopplæring og aktiviteter. Søndagsskulen er òg ei viktig arena for leiaropplæring for unge leiarar. Meir om søndagsskulen i eiga årsmelding.

Gudstenestestatistikk for 2010-2013

	Gudst	Personar	Snitt	Nattverd-gudst	Nattverd-gjester	Snitt	Dåps-gudst	Dåps-barn	Kol-lektar	Beløp	Snitt
2010	22	2959	135	10	874	87					
2011	21	2980	142	10	824	82	4	4			
2012	22	2759	125	12	1147	96	0	0	18	kr 74 187	kr 4 122
2013	21	2653	126	12	1096	91	6	7	19	kr 86 200	kr 4 537

Særleg godt var oppmøte på hausten 2013, og ein kan gjerne nemna at haustgudstenestene aleine hadde eit gjennomsnittleg oppmøte på 151 personar! Statistikken frå år til år er vanskeleg å tyda. Dei siste åra har det vore færre konfirmantar og ingen gudstenester på Lye knytt til trusopplærings-tiltaka. Talet på dåp spelar og ei rolle for frammøte talet. Tala dei siste åra seier noko om svak nedgang i frammøte sidan 2006. I desse åra har årskulla minka mykje i skulen og mange unge har flytta frå heimen. På same tida har det vore betydeleg utbygging på Lyefjell, noko som framleis held fram. Dette har ikkje ført med seg at fleire kjem til gudsteneste. Frammøtetalet seier at snaue 5% av dei som bur på Lye samlast til gudsteneste på forsamlingshuset. Det er ei stor utfordring for oss å nå fleire.

Tenestegrupper

Forsamlingsstyret gler seg over alle som har deltatt i tenestegrupper og fått tent i samsvar med nådegåvene sine. Forsamlingsstyret gler seg og over at fleire av tenestegruppene har ein leiar som har ansvar for at tenestegruppa både har eit åndeleg og eit praktisk fellesskap.

Det er etablert éi ny tenestegruppe dette året: tenestegruppe for diakoni. Dette har resultert i oppstart av tiltaka Strikkekafe og mannsgruppa Moskus.

Tenestegrupper som er i funksjon, med leiar:

Tenestegrupper (alfabetisk)	Leiar
Barnegospel (5 år – 3. klasse)	Ragnhild Hanssen
Barnekoret Agape 4.-7.klasse	Magnhild Sørli
Bokskap/mediatek	Torill Sandsmark
Bønnegruppe 2	Annbjørg Bjelland
Bønneteneste (bønnegruppe 1 + bønn før gudst.)	Vigdis Frøyland
Diakoniteneste	Annbjørg Bjelland
Dørteneste under gudstenesta (inkl bollebaker- og kjøkkenteneste-lister)	Ingjerd Finnbakk
Drama	Sigurd Idland

Fredagskvelden (ungdomsarbeid)	Mariann Espeland
Heimesida (web-gruppa)	Dag Henrik Fosse
Husfellesskapsgrupper	Hildegunn Undheim
litte skuletid (ungdomsarbeid)	Anne Grete Apeland
JuniorKro (6.- 7. kl.)	Sigurd Idland
Kreativ gruppe	Brit Ege Årsland
Lydgruppe	Asbjørn Aarsland (leiar). Ole Hauge (tekn. ansv.)
Lykkeliten Open Barnehage	Hildegunn Undheim
Mannsgruppa Moskus	Stein Magne Paulsen, Tor Magne Fjetland
Nattverdansvarlig gudstenester	Arne Heggheim
Praktisk tenestegruppe for huset	Trond Heskestad
Praktisk tenestegruppe for reinhald	Solveig Heggheim
Programansvarlig gudstenester	Gunnar Frøyland
Projektorgruppe	Henning Mæland. Eirik Asle Pettersen (frå des 13)
Songtenesta	Ragnhild Hanssen
Strikkekafé	Lillian Hjørnevik
Søndagsskulen	Sigurd Idland
Økonomigruppe	Eivind Stene

Andre arrangement i 2013

- På våren (1. februar og 12. april) gjennomførte ein to samlingar med Fredag i Fellesskap, med besøk av Hilde Selvikvåg, Hans Egil Hansen og Leif Aril Steen (alias «Bugge»). Fredag i Fellesskap er eit tiltak som tok til på Lye forsamlingshus våren 2012, og gjekk føre seg fredagar mellom 16.30 og 19.00. Det inneheld tre hovudelement: Middag på forsamlingshuset, eit møte med kristent innhald i aulaen på Lye skule, og gruppeaktivitetar i dei ulike romma på Lye skule og iblant ute og i Lyehallen. Etter desse to arrangementa i vår blei tiltaket lagt på is.
- Nådegåvekurs med Aril og Lotta Svartdahl blei gjennomført 22.-23. februar. Dette var eit samarbeid mellom Undheim, Time og Lye, med 54 påmeldte deltakarar. Kurset blei veldig godt mottatt, og hadde ein positiv effekt i forsamlinga. Mellom anna blei tenestegruppa i diakoni etablert i kjølvatnet av dette kurset.
- Forsamlingsstyret hadde ansvar for konfirmantfesten 3. mars i samarbeid med Time sokneråd.
- Middag for 6 er eit sosialt tiltak for at forsamlinga skal bli betre kjent med kvarandre. I ein 6-vekers periode skal 6-7 personar møtast og ha ein sosial kveld og eit måltid saman. I 2013 var det fire rundar med middagssamlingar, og 53 personar deltok.
- Fredag 13. september arrangerte den tidlegare komiteen for Fredag i Fellesskap ein heilkveld med Jarle Waldemar. Jarle hadde først familieshow i ein full aula (ca 150 personar), deretter inspirasjonssamling for barne- og ungdomsleiarar (ca 20 deltakarar) og til slutt foreldreseminar om «Tru på heimebane» (ca 30 deltakarar).
- 14 deltakarar frå Lye deltok på Global Leadership Summit (GLS) 8.-9. november i Sandnes. Dette er eit leiarseminar i regi av Willow Creek Noreg, og styret er glad for kvar og ein som deltok på dette.
- 1. og 2. desember blei julespelet «Jul på Lye» framført i aulaen på Lye skule. Ca 70 frivillige var engasjert i dette, som skodespelarar, dansarar, teknikarar, muskar, vaksenleiarar og songarar (Barnegospel og Agape). Heile aulaen var full av tilskodarar søndagskvelden (ca 200 personar), og lovorda var mange! På måndag morgon vart stykket framført for heile barneskulen. Stykket var skrive og regissert av Sigurd Idland, og Ragnhild Hanssen hadde skrive to nye songar. Magnhild Sørлие dirigerte barnekora.

Andre viktige saker i 2013

Viktige saker som styret har arbeidd med er lista opp punktvis:

- **Evaluering av stillingsinstruksen for ungdomsprest**
Ungdomsprest Ole Tørring sin nye stillingsinstruks blei evaluert vinteren 2013.
- **Godt skodd**
I mars reiste tre av vaksenleiarane i søndagsskulen til Gulset kyrkje i Skien på konferansen «Godt skodd», som hadde fokus på «Tru på heimebane». Dei kom veldig inspirerte tilbake derifrå og delte sine tankar med forsamlingsstyret. Dette resulterte mellom anna i familiekurset «Er du glad i meg?» på Lye februar 2014, og innkjøp av gudstenesteopplegget «Alle sammen» frå Misjonsforbundet, som blei brukt på gudstenester sommaren og hausten 2013.
- **Vikar for ungdomsprest**
Då Ole Tørring søkte om permisjon frå stillinga 1.8.13-31.7.14, måtte ein finne nokon som kunne vikariere i ungdomsarbeidet. Ein landa på at Mariann Espeland blei tilsett i eit vikariat i 50 % stilling med hovudfokus på Fredagskvelden, Sigurd Idland auka stillinga si med 10 % og tok ansvar for JuniorKro og Ole sitt ansvar i søndagsskulen, medan fleire frivillige òg måtte rekrutterast til ungdomsarbeidet. Her har mellom anna Svein Kåre Harestad og Kristoffer Espeland gjort ein stor innsats, i tillegg til fleire andre.
- **Revisjon av lovene for huset**
Etter vedtak på førre årsmøtet starta ein prosess med å revidera lovene for forsamlingshuset. Desse lovene gjeld heile verksemda på huset, òg forsamlingsstyret. Ein eigen komité med representantar frå alle eigarorganisasjonane samt husstyret og forsamlingsstyret blei sett ned, og resultatet blei eit lovforslag som blir lagt fram på årsmøtet i 2014.
- **Revisjon av instruks for valkomité og instruks for forsamlingsstyret**
I kjølvatnet av revisjonen av lovene for huset kom det fram at instruksane for valkomiteen og forsamlingsstyret trengte oppdatering. Desse blir òg lagde fram på årsmøtet.
- **Smågrupper/husfelleskap**
Ei gruppe leia av Hildegunn Undheim har arbeidd med tanke på å følgja opp eksisterande smågrupper og husfelleskap og inspirera til oppstart av nye. Dei gjennomførte to fine inspirasjonssamlingar på hausten, mellom anna med besøk av Sølve Salte. Åtte ulike smågrupper/husfelleskap står registrert i oversikten deira.
- **Leiaroppfølging**
 - Styremedlemmene i forsamlingsstyret har ansvar for kvar sine tenestegrupper, som dei held kontakt med gjennom året. Dette er viktig for å følgje opp leiarane og ha kontakt med arbeidet på grasrota.
 - I tillegg har ein vedtatt ein «Ver varsam-plakat» som gjeld for alle leiarar med ansvar for barn og unge. Ein har hatt ei samling med ungdomsleiarane, der Gunnar Frøyland underviste ut frå denne «Ver varsam»-plakaten.
 - Ein har ikkje hatt andre samlingar for leiarar dette året, då det har vore mykje anna som har skjedd (mellom anna nådegåvekurs og smågruppesamlingar). Det er sentralt at leiarar får oppfølging og støtte, og ein kjem tilbake til eigne leiarsamlingar seinare.
- **Rekruttering til gudstenesteutvalet**
Det har vore ønskelig å rekruttera fleire personar til gudstenesteutvalet, og dette har vore ein tilbakevendande sak i styret, men det har vist seg vanskeleg å finne villige personar.
- **Økonomi**
Økonomi har vore eit sentralt tema gjennom året, særleg med tanke på givarteneste for å kunne

ha dei stillingane ein ønskjer. På grunn av redusert stillingsstørrelse i ungdomsarbeidet gjekk rekneskapet likevel omtrent i balanse. Ein hadde budsjettert med 600 000 kr i gjevarteneste, og fekk inn 635 384,- kr. Meir om dette under rekneskapet. Det er gledeleg at gjevartenesta er på veg opp. Dersom forsamlinga på sikt skal ha tilsette svarande til 150 % stilling må gjevartenesta løftast med minst 200 000,- kr.

Valkomit 

Valkomiteen har sidan f rre  rsm te vore Stein Magne Paulsen (leiar), Esperanza Idland (vald i 2012) og Solveig H. Hetland (vald i 2013).

Arne Heggheim
Leiar Lye forsamlingsstyre

Knut Jarle Hj rnevik
Styremedlem

Eivind Stene
Nestleiar

Sigurd Idland
Adm. medarbeidar

Olaug Bjelland
Styremedlem

Gunnar Fr yland
Prest

Astrid Tjemsland
Sekret r

Vedlegg:

-  rsmelding fr  Kreativ gruppe
-  rsmelding fr  Diakonigruppa
-  rsmelding fr  Vedlikehaldsgruppa
-  rsmelding fr  B nnegruppene
-  rsmelding fr  Web-redaksjonen
-  rsmelding fr  Prosjektorgruppa
-  rsmelding fr  arbeidet med sm grupper
-  rsmelding fr  Song- og musikktenesta
-  rsmelding fr  Lye Barnegospel
-  rsmelding fr  Agape
-  rsmelding fr  Ungdomsarbeidet
-  rsmelding fr  JuniorKro
-  rsmelding fr  Lykkeliten
-  rsmelding fr  Lye S ndagsskule
-  rsmelding fr  Trusoppl ringa i Time

Årsmelding Kreativ gruppe

Kreativ gruppe har pynta til Gudstenestene i 2013. Me møtast nokre gonger i semesteret på Forsamlingshuset, der me fordel oppgaver. I tillegg rydder vi i bakrommet på Forsamlingshuset. Me deler livet, Guds ord og bønn. Grappa består av Else Paulsen, Lisa Gro Bryne, Lillian Hjørnevik, Monica Hisken, Brit Garpestad og Brit Ege Aarsland. Me kjenner at det er ei viktig oppgave, og me gjer det til Guds ære.

Brit Ege Aarsland

Årsmelding Diakonigrappa

Diakonigrappa hadde sitt første møte 29.04.13. Vi har hatt fire møter. Diakon i Time, Torild Egeland Reime, var med oss på dei to første møta. Vi les Guds ord ilag, ber og lyttar til Guds stemme i vårt arbeid.

Dei som er med i Diakonigrappa er: Brit Ege Aarsland, Tor Magne Fjetland, Lillian Hjørnevik, Esperanza Idland, Stein Magne Paulsen og Annbjørg Bjelland.

Det har blitt starta opp strikkekafe og Moskus i regi av Diakonigrappa. Strikkekafe har hatt tre kafeer med ca. 25-30 tilstades kvar gong. Moskus hadde to samlingar (pluss ein som vart avlyst p.g.a. dårleg vær), ca. 10 tilstades kvar gong.

Me ynskjer å væra tilgjengeleg og til hjelp for dei som har behov.

Annbjørg Bjelland

Årsmelding Vedlikeholdsgrappa

Grappa består av 10 menn som møtes til dugnad 1 mandag pr måned kl. 17-20. Blant oppgavene i 2013 kan nevnes: stell av busker/trær, singel/bark i buskebed, kantrensk, montert steinkanter, rydding ute/inne, skiftet dører, reparert himling kjeller, maling i kjeller og på kontor, ferdigstilt bakgang.

Trond Heskestad

Årsmelding Bønnegruppene

Her kommer en hilsen fra 2 bønnegrupper på Lye. Hele gjengen har fellesmøte 2 ganger i året, dvs et i januar, og et i august. Det går på rundgang i hjemmene.

Vi møtes jevnlig. Den ene grappa møtes hver torsdag formiddag, de er 7 stk, og den andre grappa på 5 stk møtes annenhver uke.

Det er godt å gå til sides og være stille for Herren, og vente på Ham.

Vigdis Frøyland

Årsmelding Web-redaksjonen

Hjemmesiden hadde 50 prosent flere nyhets saker i 2013 enn året før. Nettoøkningen av nye abonnenter var 4 fra 2012.

Web-redaksjonen har disse faste medlemmene: Dag-Henrik Fosse, leder; Ola Ketil Siqveland; Ragnhild Aalgaard og Vegard Hanssen.

Hovedmålet for web-redaksjonen er å publisere aktuelle saker gjennom artikler og reportasjer, og bidra til at hjemmesiden til enhver tid er så aktuell som mulig. Hjemmesiden skal være en digital kanal inn til forsamlingshuset.

Men for at den som klikker seg inn på nettsiden skal finne korrekt informasjon om styrer, tjenestegrupper og aktivitetstilbud, er det viktig at styrene, arbeidsgreinene og de ansvarlige for aktiviteter og grupper, oppdaterer informasjonen om sin virksomhet. Mye er bra, men det er fortsatt noen faktiske opplysninger som navn og telefonnumre som ikke er oppdaterte.

Husk at web-redaksjonen kan kontaktes når ny informasjon skal legges ut.

I 2013 har det vært lagt ut 76 nyhetsartikler på www.lyeforsamlingshus.no, en økning på 26 fra 2012. Web-redaksjonen samarbeider med Helgedagen. Noen av sakene som har vært presentert på hjemmesiden i 2013 er også trykket i menighetsbladet.

Alle som ønsker det kan enkelt abonnere gratis på nyhetsmeldinger som legges ut. I dag er det 90 abonnenter. Økningen fra 2012 er 4. Vi vil gjerne ha flere. I perioder har det vært tekniske problemer knyttet til deler av sakene og informasjonen som er lagt ut. Noen har fått feilmelding når de har prøvd å bli nye abonnenter. Vi har tatt dette opp med firmaet som er ansvarlig for den tekniske løsningen, og håper at problemet nå er løst. Nye abonnenter kan enkelt registrere seg via hjemmesiden på lenken Abonner gratis på nyheter her.

Dag-Henrik Fosse

Årsmelding Projektorgruppa

Projektorgruppa har i 2013 bestått av Henning Mæland, Eirik Asle Pettersen og Vegard Hanssen. Fra desember 2013 overtok Eirik som ansvarlig for projektorgruppen etter at Henning har vært leder noen år.

Projektorgruppa har vært med på 10 gudstjenester våren 2013 og 9 gudstjenester høsten 2013.

I tillegg har vi deltatt på andre arrangement som årsmøte, konfirmantfest og basarer.

Projektorgruppa hadde også projektoransvar på julespillet "Jul på Lye" som hadde to forestillinger.

Henning Mæland

Årsmelding frå arbeidet med smågrupper

Me er tre personar som er sett til å ha oversikt over og ansvar for framdrift for smågrupper i forsamlinga. Me har som fokus å styrke "Felleskapet med Gud og med kvarandre!" Me har hatt fleire planleggingsmøter, som har resultert i to større arrangement:

- September: Inspirasjon for smågrupper, me presenterte vårt fokus og hadde opent for samtale i grupper og for å gje tilbakemelding.
- November: Inspirasjon med Sølve Salte for alle: "Stillheten saman med Gud!"

I 2014 vil me ha litt meir inspirasjon for leiarane. Me ønskjer å styrke leiarane og å ha fokus på å utveksle erfaringar med kvarandre. Me ønskjer heile tida at fleire skal få eit behov for å høyre til ei smågruppe, og at gruppene skal være mottakelige for å ta imot nye!

Det er pr 15.01.14 seks grupper som har fokus på Bibel, samtale og bøn i forsamlinga ! To nye grupper starta opp hausten 2013 – det er me veldig glade for!

Kari Stokka, Annbjørg Bjelland og Hildegunn Undheim

Årsmelding Song- og musikktenesta

I 2013 har arbeidet i song- og musikktenesta bore noko preg av at me har vorte ein del færre. Me har vore totalt ni forsongarar, fire pianistar, to bassistar og to på tromme/djembe, til saman 15 stk. Det har vore éin fast musikk-koordinator heile dette året, noko som vert veldig sårbart. (For våren 2014 har Geir Tore Salmelid òg sagt ja til å vere musikk-koordinator, noko som gjer situasjonen mykje lettare).

Dei som har vore med har gjort ein veldig god jobb, men av ulike årsaker er det ikkje alle som kan stille så mange gonger i løpet av eit semester, slik at det har vorte svært få forsongarar og musikarar på ein del av gudstenestene.

Det som har vore veldig kjekt, er at det er fleire ungar (4 stk) som har vore med i tenesta. Det er kjempeflott at dei stiller seg fram, både som forsongarar og på trommer.

Me ønsker fleire med i denne tenesta. Det er særskilt behov for fleire mannlege forsongarar.

Ragnhild Hanssen

Årsmelding Lye Barnegospel

Lye Barnegospel er et barnekor for barn fra 5 år og oppover til 3. klasse.

I 2013 har vi vært en stabil gjeng på ca. 15 stykker. Vi er fortsatt flest jenter, men gutter som liker å synge er hjertelig velkomne.

Første halvåret hadde vi elleve øvelser og tre opptredener. Vi sang da på forsamlingshuset og i Time kyrkje, samt at vi siste øvelsen før ferien hadde konsert for de voksne. Dette var veldig kjekt og ungene var veldig flinke.

Siste halvåret hadde vi tolv øvelser, og vi sang da på basaren på forsamlingshuset og på én gudstjeneste. Vi brukte også store deler av høsten til å øve inn sangene til julespillet, som var på Lye i desember.

Julespillet var høydepunktet denne høsten for både unger og voksne. Det var veldig kjekt å få være med på, og vi håper at dette blir en tradisjon som fortsetter.

Voksenledere i koret i 2013 var Ragnhild Hanssen, dirigent, og medhjelperne Monica Liamo Hisken og Morten Slettebø.

Morten Slettebø

Årsmelding AGAPE

Agape er eit barnekor for barn frå 4. til 7. trinn. Me øver annakvar måndag på Lye forsamlingshus frå 18 – 19. Me øver inn sanger og repertoar for framføring i gudstenester på Lye forsamlingshus og andre stader ved førespurnad.

Medlemskontingent er 50 kr pr halvår. I 2013 hadde koret 9 betalende medlemmar.

På våren hadde me 9 øvingar og opptreden på gudsteneste i Time kyrkje og på Lye forsamlingshus.

På hausten hadde me 10 øvingar og opptreden saman med andre kor frå Rogaland på Storkonsert i Stavanger Konserthus, gudsteneste i Time kyrkje og var med og deltok på julespelet Jul på Lye.

Dette er ein kjekk gjeng med store barn som likar å synge og spre budskapet om Jesus. Dei er motiverte og bevisste og inspirerer oss leiarar.

Magnhild Sørli, Kari E. Stokka

Årsmelding Ungdomsarbeidet på Lye

«Fredagskvelden» har hatt 23 samlinger i løpet av våren og 14 samlinger i løpet av høsten 2013.

Antallet på oppmøtet har økt i løpet av året og ligger på rundt 35 stk. i gjennomsnitt. Betalende medlemmer er 45 stk.

Styret vår/høst 2013: Ingvild Hjørnevik, Anne Grete Apeland, Tom Carlos Slettebø, Kristoffer Harestad, Christian Penny Melgård.

Styret vår 2014: Anne Grete Apeland, Julie Slora Fotland, Tom Carlos Slettebø, Kristoffer Harestad, Christian Penny Melgård.

Mariann Espeland tok over ungdomsarbeidet høsten 2013. Våren 2013 fikk hun et bønnesvar fra Gud om at hennes gave var å si ja til tilbudet som ungdomarbeider. Hennes rolle i sammen med ungdommene har vært å planlegge og arrangere Fredagskvelden og ulike arrangement i tillegg. Hun skal motivere til evangelisering, misjon og omsorgsarbeid, og ha ansvar for og drive ledertrening med ungdomsstyret.

Organisering Fredagskvelden:

Gjennom året 2013 har det skjedd en del forandringer innen «Fredagskvelden» med tanke på organiseringen. Våren inneholdt blant annet «Gå ut», åpent hus og andre arrangement på fredagene, i tillegg var det ungdomsgudstjeneste én søndag i måneden. Styret ble enige i begynnelsen av høsten at vi skulle gå tilbake til slik det var for noen år siden, annen hver fredag med møter og annen hver med åpent hus. Dette gjorde vi slik at vi skulle få en struktur over fredagene og heller variere med innholdet for hver gang.

Fredager med åpent hus, har vi prøvd ut å ha en aktivitet eller et arrangement for å gjøre det litt mer spennende. Antallet av ungdommer på åpent hus har vært lavt i løpet av våren og dermed ville styret at vi skulle jobbe for at de fredagene også skulle være imøtekommende og givende. Utover høsten har antallet økt og det kommer både nye og kjente ungdommer. Hvert åpent hus prøver vi å ha et tema for kvelden, som eksempel har vi hatt bordtennisturnering, bingo eller café. Noen ganger har vi også begynt kvelden med å ha en åpning eller et vitnesbyrd.

Under møtene på FK deler ungdommene i styret på å lede kvelden, vi har frivillige som har en åpning (et ord for dagen eller vitnesbyrd) og andakt. Andakten har hatt sammenheng med temaet som vi setter for hver fredag. Fokuset har vært å ha andakter som er lett å forstå og som ungdommene kan kjenne seg igjen i. Eksempelvis har det vært fokus på å være seg selv og gi seg selv til Gud og la Han styre oss. Fredagskvelden har også fått et eget lovsangs team, kalt «Husbandet». Husbandet har vokst og utviklet seg enormt siden oppstart i høst. Deltakerne er Tom Carlos Slettebø, Christian Penny Melgård, Hallvard Sæbø, Julie Slora Fotland, Thorgeir Taksdal, Håvard Jøssang og Kristoffer Espeland.

Andre aktiviteter:

Høsten 2013 reiste alle ungdomsstyrene på Lye til Stavtjørn Fjellstove. Styrene som var med er KRIK, Søndagsskolen og Fredagskvelden. Vi brukte helgen til å bli bedre kjent, bygge relasjoner og få åndelig påfyll. Helgen inneholdt filmkveld, teambuildning, møte og sosialt samvær.

UanZ konferansen i Frøyland/Orstad kirken var en suksess, ca. 15 ungdommer fra Lye var med.

Vi arrangerte «Dekkskifte dag» til inntekt for misjonsprosjektet på Lye Forsamlingshus. Dette vil vi gjenta til vinter/våren igjen og gi gaven til Else Iren Byberg og hennes prosjekt.

Anne Grete Apeland har gjort en kjempe god jobb med «Itte skuletid», selv om kjøkkenet har vært under opp – pussing i høst. Hun har funnet på ulike aktiviteter for å holde tilbudet ved like og ungdommene trives med det. Gjennomsnittet på oppmøte i løpet av 2013 er ca. 13 stk.

I begynnelsen av høsten fikk vi et eget styre for nyttårsfesten som var arrangert på Lye Forsamlingshus: Tom Carlos Slettebø, Christian Penny Melgård, Anne Grete Apeland, Caroline Bjånes, Endre Bjånes, Kristoffer Espeland og Mariann Espeland. Styret ville at tilbudet om et nyttårsarrangement skulle være godt planlagt og at vi skulle være tidlig ute med PR for å gjøre det godt kjent for alle ungdommene på Lye. Vi hadde totalt 41 ungdommer påmeldt, noe som var dobbelt så mange som i 2012. Festen var fylt med god mat, andakt av Else Iren Byberg, lovsang av Husbandet, underholdning av ungdommene og felles oppskyting av raketter. Vi er takknemlige for at Slettebø og Steinar og Helga Frantzen var med som kjøkkenhjelp under nyttårsfesten.

Takk:

Vi vil takke alle som har vært med og gjort en kjempe god innsats i ungdomsarbeidet på Lye. Takk til alle voksenledere som har stilt opp som hjelpere. Takk til Sigurd Idland og Gunnar Frøyland som har vært med å rettlede ungdomsarbeidet. Takk til Svein Kåre Harestad som har holdt mange av

andaktene på Fredagskvelden. Og takk til alle ungdommene som er og har vært med i Fredagskvelden: Christian Penny Melgård, Tom Carlos Slettebø, Ingvild Hjørnevik, Anne Grete Apeland, Kristoffer Harestad og Kristoffer Espeland.

Mariann Espeland

Årsmelding JuniorKro

Juniorkro er eit tilbod for born i 6. og 7. klasse, og samlast annankvar fredag med omkring 10-20 deltakarar. Innhaldet i kveldane er andakt, spel, konkurransar og ulike aktivitetar.

Våren:

Det var 9 samlingar på våren, med ulikt program. Ole Tørring hadde hovudansvaret, og med seg hadde han Sæbjørn Sandsmark og eit ungdomsstyre som besto av:

- Anne Grete Apeland (leiar)
- Henriette Kjørmo Arntsen
- Thorvald Sandsmark
- Andreas Fosse Hansen
- Ola Sæbø
- Ane Rosseland Johansen

Hausten:

Sigurd Idland tok over ansvaret som hovudleiar frå hausten, då ungdomsprest Ole Tørring gjekk ut i permisjon. Det var 6 samlingar på hausten, der oppmøtet varierte mellom 7 og 21 deltakarar, med eit snitt på 12. Totalt var 27 ulike deltakarar innom, og det var 15 betalende medlemmer.

Som vaksenleiar vart Sigbjørn Vassbø med i tillegg til Sæbjørn Sandsmark, og ungdomsstyret bestod av:

- Anne Grete Apeland (leiar)
- Henriette Kjørmo Arntsen
- Thorvald Sandsmark
- Andreas Fosse Hansen
- Ola Sæbø

Styret bidrar med gode og konstruktive idear, og er og ansvarleg for gjennomføringa av aktivitetar og vitnesbyrd. Styret har regelmessige styremøter saman med Sigurd Idland. Det ligg god leiartrening i dette! Sigurd Idland har hatt dei fleste andaktane denne hausten, med tema som bønn, Guds kjærleik og påfyll i kristenlivet.

Jr.kro våren 2013!

Datoer	Tema
18. januar	Filmkveld
01. februar	Rennelov
01. mars	Møte
15. mars	Kongeparkkveld
12. april	Natursti
26. april	Møte
10. mai	Dyre kveld
24. mai	Bursdagsfest
07. juni	Sommeravslutning

FOR KONTAKT:
MOBIL: 95178971
MAIL: UPREST@LYE.NO

Jr.Kro hausten 2013




Datoar:	Program:
30. august	Opningsfest. Is og kake ☺
27. september	Aktivitetsgrupper
25. oktober	Digital kveld
8. november	Aktivitetsgrupper
22. november	Filmkveld
6. desember	Juleavslutning

Fredagar kl 19:00 – 20:30 på Lye Forsamlingshus. For 6.- 7. klasse.
Aktivitetar, andakt, kiosk.
For kontakt: Mobil: 46698050.
Mail: si@time-kyrkja.no

Sigurd Idland

Årsmelding Lykkeliten

Lykkeliten held til i lokala til Lyefjell forsamlingshus og er eit tilbod til barn og foreldre som går heime på dagtid og ønskjer



ein sosial treffplass. Tilbodet blir drevet på frivillig basis av foreldra sjølv ved at 11 stk. rullerer på å ha ansvar for opp-/lukking, rydding/vasking og evt. opplegg. I tillegg til dette er det eit frivillig styre på 4 stk. som har det overordna ansvaret for drifta av Lykkeliten.

Lykkeliten føl skuleruta og har utifrå den opent kvar onsdag frå kl 9.30-13.00.

Det er fleire foreldre som arbeider skift eller deltidstilling som vel å være med oss denne dagen. I 2013 har me hatt 30 vaksne innom. Me ser tydelig at det er fleire som kjem på vår halvåret, samt veldig mange fleire nye som kjem innom da. På vårparten var det gjennomsnitt 10 stk. vaksne pr. onsdag, mot 8 stk. på hausten. Talet på barn har vore gjennomsnittleg 17stk. pr. onsdag på våren mot 14 stk. på hausten.

Det er fast samling og mat kvar gang, dette deler me på å ha ansvar for. Per Olav Egeland organist i Time, kjem og er med oss anna kvar veke, dette set me stor pris på. Me har òg eit veldig godt samarbeid med forsamlingshuset. Ein gang i halvåret får me besøk frå andre på Kyrkjekontoret for å ha samling med oss. Me er så heldige å få lov til å låne leikeplassen til Spurvongane barnehage om me har lyst til det! Me tar 10 kr betaling kvar gang, men denne hausten har me hatt ekstra god mat siste gang i månaden, når me har bursdagssamling, da har me tatt 30 kr i betaling! Me har fått inn 4 310 kr i året 2013, som me bruker på hobbyting, "kroner" når barna fyller året, avslutningar, godteposar og middagar. Me ser at me må jobbe meir for å få ut informasjonen til nye folk på Lye og området rundt, dette vil me jobbe meir med våren 2014. Innkjøp av nye leiker og leiker for eldre barn står no på innkjøpslista.

Me ser at det er eit stort behov for å drive Lykkeliten, det er ein arena for folk til å treffe andre, for ny-innflytta og for folk frå andre land. Nye venskap veks til blant både barn og vaksne, barna lærer veldig mykje i leik med andre barn, og me prøver å gje litt utfordringar i aktivitetar.

Me har samlast i 2 år, med fleire folk som kjem innom. For oss har det vore både sosialt, lærerikt, utfordrande og gildt å drive desse åra!

Hildegunn Undheim

Årsmelding Lye Søndagsskule



Innleiing

Lye Søndagsskule har som visjon: «Vi ønskjer at barna på Lye skal bli betre kjent med Jesus Kristus!»

I løpet av 2013 har det vore 19 søndagsskulesamlingar. Totalt oppmøte var 709 ungar, noko som gjev eit snitt på litt over 37 ungar kvar gong. 99 ulike ungar har vore innom. 60 er betalande medlemmer. Dette gjer Lye Søndagsskule til ein ganske stor søndagsskule!

Organisering

Dei 19 samlingane har hatt ulikt preg, i hovudsak desse hovudtypane:

- 9 har vore eigne søndagsskulesamlingar parallelt med gudstenestene, der ungane går til søndagsskulen omkring ein halv time inn i gudstenesta. Den første halvtimen inneheld ofte ein introduksjon til søndagsskulen sitt tema, med song og gjerne eit innslag som vekker interessa. Deretter går ungane til sine grupper. Søndagsskulen har vore delt inn i fire aldersgrupper: Rød gruppe (0-5 år), Grøn gruppe (1.-2. klasse) Blå gruppe (3.-4. klasse) og AlfaKrøll (5.-7. klasse). I tillegg har det vore tilbod om leikekrok bak i møtesalen for dei aller yngste. AlfaKrøll har hatt eigen samling, medan dei andre gruppene ofte har hatt andaktstunda saman, og så delt seg under leik og aktivitetar. Det har vore utfordrande å nå alle desse aldersgruppene med same andakten.
- 7 har vore Gudsteneste for store og små, der søndagsskulen har vore aktivt med. Her er ungar og vaksne saman under heile gudstenesta. Songar, preik, drama, leik og anna innhald

har vore retta mot å gi noko til alle aldersgrupper. Anna Bergitte Skårland har hatt hovudansvar for å koordinera desse gudstenestene.

- 3 har vore såkalla BIBELSPRELL-søndagsskular (frå hausten av). Dette var eit resultat av ein evaluering som blei gjort på søndagsskulen sitt årsmøte 14. april 2013. Her kom det fram at det blei mykje stillesitjing for ungane, og at ein del sleit med å konsentrera seg så lenge; først ein halvtime på gudstesta, deretter ein halvtime på søndagsskulen, før ein kunne få tid til litt leik til slutt. BIBELSPRELL er tredelt:
 - 10:30-11:00 Felles på gudsteneste, med eigen barneforkynning gjennom drama og barneandakt og tilpassa songar.
 - 11:00-11:15 Samtalegrupper etter alder, faste grupper og med fast vaksenleiar, for at alle skal bli sett, få setja ord på trua og livet, og be saman.
 - 11:15-12:00 Aktivitetsgrupper, 4-5 ulike grupper å velje mellom, på tvers av alder. Sigurd Idland og ungdomsleiarane har hatt ansvar for søndagsskuleinnsлага første halvtimen og aktivitetsgruppene, medan Liv Heidrun Heskestad har koordinert samtalegruppene.

Søndagsskulesamlingane brukte opplegget frå Søndagsskolen Norge i vårsemesteret, men me tok ein pause frå dette abonnementet frå hausten, då me har mykje materiell liggjande som kan brukast. Me lagar òg ein del av opplegget sjølv. Me har òg tatt ein pause frå søndagsskulebladet BARNAS.

I januar 2013 gjekk me til innkjøp av ei papegøvedrakt, som har blitt flittig brukt i ulike søndagsskuleinnslag. Det har faktisk vore rift om å få vera papegøyen, òg blant 6. og 7.-klassingar. Dette kan vere svært god leiarrekruttering!

AlfaKrøll

I AlfaKrøll har det vore fokus på bønn, bibel, samtale og aktivitet. Om våren var Solveig Heggheim, Ole Tørring og Anne Gunn Vassbø med, men frå hausten hadde Anne Gunn ansvar aleine. Det har vore rundt 10-12 ungar i denne aldersgruppa kvar gong, nokre gonger fleire og nokre gonger færre.

Registrering

Ungane på søndagsskulen får kvart sitt oppmøtekort med nøkkelband når dei kjem. På oppmøtekortet får dei eit klister for kvar gong, med valfri premie kvar femte gong frå ein premiepott. Ungar frå 7. trinn er med i registreringa og deler ut nøkkelband og kort, og dei utgjer tre team som rullerar på å ha ansvar. Dette er god leiartrening, og me håpar dei blir med som leiarar i søndagsskulen frå 8. klasse. Denne registreringa fungerer godt, og me ser at det er viktig at ungane blir møtt og sett og nemnd med namn, og det er kjekt med premie!

Rom-situasjonen

Sidan det er mange ungar i ulike aldrar, er det bruk for mange grupperom. Situasjonen i dag er ikkje heilt tilfredsstillande for søndagsskulen sine behov. I tillegg til barnehagen nede, brukar ein i blant toalettgangen i barnehagen, gangen utanfor barnehagen, gangen mellom barnehagen og neste gang, gangen nede i kjellaren, kontoret oppe, gangen oppe og ungdomsloftet som grupperom. Søndagsskulen har òg lenge ønska å ha eit fast rom der inventaret kan stå fast.

Leiartrening

I tillegg til å tena ungane i søndagsskulen, driv søndagsskulen viktig leiartrening! Derfor satsar me fortsatt på å ha med mange unge leiarar frå og med åttande klasse. I 2013 har det vore 6-10 aktive ungdomsleiarar, og ti 7.-klassingar til registreringa. Det er godt for oss leiarar å dela på oppgåvene, og det er godt for barna å møta trygge fang og gode auga som ser dei og som nemner barnas namn. Leiarane får prøva seg i ulike roller og barn og leiar vert kjende. Søndagsskulesamlingane vert

planlagde og evaluerte på teamsamlingar og over e-post og Facebook. Ein har ofte hatt øving på drama laurdagen før ein søndagsskulesamling.

Andre aktivitetar

- 2. februar arrangerte me ein Prix-dag med basar, lynlodd, fising og utdeling av semesterprogram og småkaker. Her introduserte me og den ny-innkjøpte papegøvedrakta, med god suksess. Anne Gunn hadde hovudansvar, og mange andre leiarar var med og hadde vakter. Nettoresultatet blei på ca 5 000 kr.
- 14. april gjennomførte me årsmøte med evaluering av søndagsskulen. I etterkant av dette vart det sett ned følgjande målsetjingar:
 - Barn i alle aldrar skal elska å gå på søndagsskulen
 - Barna på søndagsskulen skal bli glade i Jesus og i å følgja han
 - Oppmøtet på søndagsskulen skal bli endå større
 - Søndagsskulen skal rekruttera og følgja opp unge leiarar
 - Lyefjell søndagsskule skal vera blant Norges beste søndagsskular!!
- 14. april var det òg team-building for dei unge søndagsskuleleiarane. Ole Tørring hadde undervisning, og leia ungdommane i å planlegge ei heil søndagsskulesamling. Denne gjennomførte dei 5. mai.
- 17. august arrangerte me Lappe-dag på Prix, der me både delte ut semesterplanar for søndagsskulene, og steikte lappar til gratis utdeling. Anna Bergitte hadde hovudansvaret.
- 16.- 17. mars reiste tre av vaksenleiarane (Anne Gunn Vassbø, Anne Birgitte Skårland og Hildegunn Undheim) til Gulset kyrkje i Skien på konferansen «Godt skodd», som hadde fokus på «Tru på heimebane». Dei kom veldig inspirerte tilbake derifrå. Dette resulterte mellom anna i familiekurset «Er du glad i meg?» på Lye februar 2014, og innkjøp av gudstenesteopplegget «Alle sammen» frå Misjonsforbundet, som blei brukt på gudstenester sommaren og hausten 2013.
- 23. – 25. august var det styre-weekend for alle ungdomsstyrene på Stavtjørn Misjonscenter. Ungdomsarbeidar Mariann Espeland hadde hovudansvar og fleire av ungdomsleiarane frå søndagsskulen var med på helga.
- 20. desember hadde me juleavslutning for ungdomsleiarane. Me gjekk først ut og bowla, før me bygde peparkakehus og hadde leiker heime hos Sigurd Idland. Ein veldig koselig og saman-spleisande kveld!

Leiarar

- Desse sat i styret 2013: Anna Bergitte Skårland, Anne Gunn Dovland Vassbø, Sigurd Idland, Liv Heidrun Heskestad.
- Andre vaksenleiarar som har vore med: Miriam Lende Risa, Margaret Harestad, Randi Bjørkhaug, Esperanza Idland, Sæbjørn Sandmark, Ole Tørring.
- I tillegg var desse med som leiarar i samtalegrupper under BIBELSPRELL-søndagsskule: Hildegunn Undheim, Jorunn Pettersen, Alf Endre Stokka, Jonas Lye Scheie, Solveig Heggheim, Kristine Grødem.
- Ungdomsleiarar har vore: Geir Atle Apeland, Sverre Frantzen, Kristoffer Harestad, Solveig Pettersen, Stina Pettersen, Tomas Salmelid, Renate Salmelid, Joakim Salmelid, Ide Terese Ueland, Janne Birgitte Ueland.

Takk!

Me ønskjer å takka alle desse som på ulikt vis har vore med og gjort ein innsats i søndagsskulen! Takk til alle dei unike og flotte leiarane for fantastisk innsats gjennom heile året eller deler av året.

Mange takk òg til revisor Geir Borgen.

Og takk til Gud som ga oss denne tenesta!

Sigurd Idland

Årsmelding Trusopplæringa i Time

Dåpen forpliktar oss til opplæring. Trusopplæringa skal vera eit tilbod om systematisk og samanhengande opplæring for alle døypte barn og unge uansett funksjonsnivå. Vi har sidan oppstarten i august 2004 bygd opp nokre robuste fasetiltak for aldersgruppa 0-12 år. Frå 10.07.2013 gjekk trusopplæringa endeleg over i siste fasen, til ordinær drift, då heile Jæren prosti blei innfasa i trusopplæringa.

Oversyn over fasetiltaka:

Alder	Tiltak	Oppslutning	Anna
2 år	Undretur Hausttakkegudst.	Time: 18 av 39 Bryne: 10 av 107 Undheim: 17 av 17	Alle fekk CD. 1 samling Alle fekk CD.
4 år	Barnebibel	Time: 28 av 40 Bryne: 55 av 110 Undheim: 9 av 11	1 gudsteneste
4 år	Adventsklubb	Time: 21 av 40 Bryne: 31 av 110 Undheim: 7 av 11	1 - 3 samlingar
1. kl	Dåpsskule	Time: 20 av 38 Bryne: 52 av 89 Undheim: 11 av 11	4 saml. + dåpsskulehelg
2. kl	Pinsefart	Time: 20 av 43 Bryne: 28 av 88 Undheim: 18 av 26	3 saml. ettermiddagstid
3.kl	Tårnagenthelg	Time: 18 av 35 Bryne: 32 av 107	Lørdag 5 timer + gudst. søndag
5.kl	Lys vaken	Time: 16 av 38 Undheim: 14 av 17 Bryne: 31 av 97	Overnatting og samling. 5 saml + gudsteneste
7.kl	Newbie	Bryne: 28 av 100 Time (Lye): 21 av 38	1 samling
9. kl	Konfirmasjon	Time: 34 av 40 Bryne: 88 av 103 Undheim: 17 av 17	Totalt 60 timar.
13-18 år	U21	Undheim: 26 av 39 (gj.snitt)	14 samvær
13-18 år	Påskennatt	Totalt: 130 av 750	1 gudsteneste

På ungdomsfasane har vi mykje ugjort. 19-20. oktober blei ungdomskonferansen UanZ arrangert saman med dei andre kyrkjelydane i prostiet. Denne var mynta på bevisst kristen ungdom frå 15 år og oppover. Denne vart ikkje rekna som eit fasetiltak i trusopplæringa.

Det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet er viktig grunnlag for forming av identitet, tru og fellesskap, og gjev rom for undring og vekst. Det er viktig å balansera satsinga på fasetiltaka med eit kontinuerleg tilbod i kyrkjelydane.

Anna:

- Per Olav Egeland har hatt musikkksamlingar i det foreldrestyrte «Lykkeliten» på Lye forsamlingshus anna kvar onsdag førermiddag. Veldig god respons!

Organisering: Det har vore ein del endringar i både ressursar og tilsette i 2013. Omlegginga til ordinær drift førte til nedgang i overførte trusopplæringsmidlar til kyrkjelydane våre. Jorunn Ueland og Jorunn Pettersen slutta sommaren 2013, og det vart gjort litt om på stillingane knytt til trusopplæring. Tove Hersdal vart tilsett som trusopplærar i Bryne frå 01.10.13, og det er framleis ikkje tilsett nokon i tilsvarande stilling i Time og Undheim.

Trusopplæringa har til saman 1,4 stillingar pr 31.12. 2013 som er dekkja av trusopplæringsmidlar:
40% kyrkjelydsutviklar/trusopplærar i Bryne: Bjørn Inge Hauge
30% trusopplærar i Bryne: Tove Hersdal
30% trusopplærar i Time og Undheim: Ventar på tilsetjing
20% kontor i Bryne ++: Per Olav Egeland

Sokneråda har vedteke at trusopplæringa ikkje skal lida under lågare over overføringar, og har difor gått inn og styrka trusopplæringa med innsamla midlar. Begge trusopplærarstillingane er på 50%. Ansvar for trusopplæringa ligg hjå kateketen, som har gjekk opp frå 70% til 80%.

2013 var prega av omorganisering og nye vegval. Bryne er det einaste soknet som er fullt bemanna. Her arbeidar også ungdomspastor Johannes Kleppe i full stilling på innsamla midlar. Vi ser fram til at det er tilsett dyktige folk i alle stillingane, og gler oss til å utvikla trusopplæringa vidare. Det ligg eit stort arbeid med planskriving føre oss.

Eg takkar dyktige medarbeidarar, både tilsette og uløna, for sterkt engasjement og god innsats for trusopplæringa! Det er i dette samspelet at arbeidet er mogleg å gjennomføra.

Ingfrid Time Nærland
